



Trygg framtid for folk og natur.


Landbruksmeldinga

Ottar Longva, Molde, 16. mars 2017



Landbruksmelding for Møre og Romsdal

Vedteke av fylkestinget 12.12.12



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Frå samandraget:

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsorden og vise konsekvensar av ulike vegval. Den skal vidare vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket.

Meldinga skal danne grunnlag for prioriteringar i komande regionale planar og handlingsprogram.

Meldinga har eit fireårig perspektiv, og dokumentet som no vert lagt fram er ei oppfølgjing av fylkestingsvedtaket i desember 2012.



Landbruksmeldinga skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsordenen og vise konsekvensar av ulike vegval. Den skal vere retningsgjenvande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket.

Landbruksmeldinga er ein del av planstrategien for Møre og Romsdal fylke, og er laga på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Utkastet vart sendt ut på høyring den 8. mars, med frist til 18. april for å gi innspel

Dokumentet skal leverast til fylkeskommunen før 1. mai, og skal opp i fylkestinget i juni.

Strategiplanen for skogbruket er integrert i landbruksmeldinga.

Mål for meldinga

Den overordna målsetjinga er uendra i forhold til landbruksmeldinga frå 2012

Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket.

Strategien for den komande fireårsperioden har desse delmåla ;

- **Auka verdiskaping skal baserast på berekraftig og meir bruk av lokale ressursar**
- **Landbruket skal ha ein viktig plass i den nye grøne økonomien**
- **Landbruket skal ta miljø- og klimaansvar**
- **Landbruket skal halde ved like og utvikle godt omdømme.**
- **Landbruket skal stå fram som ein attraktiv arbeidsplass**

Mange har jobba med meldinga..

Styringsgruppe

Frank Madsøy (Fylkesmannen i Møre og Romsdal), leiar

Oddvar Mikkelsen (Møre og Romsdal bondelag)

Stein Brubæk (Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag)

Anna Cecilie Brustad Moe (Allskog)

Eivind Vartdal Ryste (Møre og Romsdal fylkeskommune)


Temagruppe 1 : Næringsutvikling

Temagruppe 2 : Miljø, ressursgrunnlag og det grøne skiftet

Temagruppe 3 : Strategiplan for skogbruket

Arbeidsgruppe 4 – Rådgjeving, samarbeid, kompetanse og rekruttering

Fylkesmannen har hatt sekretariatet for alle gruppene



Struktur på meldinga

- Utfordringar
- Mål og tiltak
- Status og utviklingstrekk
- *Nøkkeltal – tabellar og figurar*





Mål og tiltak

Eksempel på tiltaksliste:

| Avverking skogbruk | |
|---|--|
| <i>Total avverking skal opp frå ca. 325 000 m³ til 400.000 m³ i 2021. I 2021 skal det avverkast 30 000m³ furu, 350 000 m³ gran og 20 000m³ lauvtre (medrekna biovarme)</i> | |
| Stimulere til utvikling av nye skånsame driftsmetodar i bratt terreng. | Fylkesmannen * Skognæringa |
| Leggje til rette for eit økonomisk berekraftig skogbruk i taubaneterreng og i område med andre terremessige utfordringar | Fylkesmannen * Kommunane Skognæringa |
| Stimulere til samarbeid på tvers av eigedomsgrensene der dette er ein faktor som avgrensar langsigktig berekraftig forvaltning av skogressursane | Kommunane* Allskog Fylkesmannen |
| Planlegge handtering av ei avverking på 400.000 m ³ i 2020 | Fylkesmannen Kommunane Skognæringa * |
| Utarbeidd digitale skogbruksplanar i alle skogkommunar | Kommunane* Fylkesmannen |

